

# Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet Øystre Slidre kommune 2018 – 2021

## 1. Innhold

1. Innhold
2. Innleiing og bakgrunn for planen
3. Planprosessen
4. Statlege og fylkeskommunale føringer
5. Idrett og fysisk aktivitet i andre planer i kommunen
6. Resultatvurdering av førre plan
7. Utviklingstrekk i kommunen
8. Stoda for idrett og fysisk aktivitet i kommunen
9. Analyse av behov for aktivitet og anlegg
10. Handlingsdel
  - 10.1 Mål og tiltak
  - 10.2 Nye anlegg
  - 10.3 Drift og vedlikehald
  - 10.4 Finansiering
11. Vedlegg
  - Vedlegg 1 Omgrep og definisjonar
  - Vedlegg 2: Detaljert resultatvurdering av anleggsutbygginga 2014-2017
  - Vedlegg 3: Detaljert resultatvurdering av delmåla 2014-2017

## 2. Innleiing og bakgrunn for planen

Denne planen er ein tematisk plan for idrett og fysisk aktivitet som skal vera eit styringsdokument for politikarar og administrasjon i kommunen, og eit verktøy for idrettsorganisasjonar og engasjerte innbyggjarar.

For å kunne søkje spelemiddel til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, må anlegga vera nemnt i ein vedtatt plan som omhandlar idrett og fysisk aktivitet. Denne planen er å rekne som ein kommunedelplan i kommunens planstrategi.

Frå "den norske idrettsmodellen", Meld. St. 26:

Alle skal ha moglegheit til å drive fysisk aktivitet i form av trening og mosjon på det nivået dei sjølv ynskjer.

Den frivillige medlemsbaserte idretten skal sikrast gode rammevilkår for å gje grunnlag for eit omfattande og inkluderande aktivitetstilbod.

Særleg for barn og unge.

Samfunnet skal være godt tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet.

Handlingsplanen skal rullerast årleg (jf. Plan og bygningsloven § 11-2,3), (sjå kapittel 10). Utbygging av anlegg skal ta utgangspunkt i kva som trengs, og planen skal medverke til å unngå at prioriteringar blir gjort ut frå kortsiktige ynskje og særinteresser.

Tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet er viktige tiltak for ei betre folkehelse. Det er gjort forsøk på å estimere gevinsten av fysisk aktivitet i form av fleire leveår og betre livskvalitet i dei åra ein lever. Anslagsvis kan ein aktiv person vinne "8,5 kvalitetsjusterte leveår".<sup>1</sup>

Fokuset på trening og fysisk aktivitet er stort frå myndigheter, samfunn og media. Men må vi trenere for å ha ei god helse? I følgje ein kronikk i Tidsskrift for Norsk legeforening er svaret på dette nei. Å gå i moderat tempo, gjerne slik at ein blir andpusten eller varm i til saman 30 minutt dagleg, er nok for dei fleste.<sup>2</sup> Samtidig som fleire trenar regelmessig, viser ferske tal at berre 20 % av dei vaksne rører seg nok i forhold til anbefalingane.<sup>3</sup> Det blir altså stadig mindre kvardagsleg kroppsleg aktivitet som dei fleste ikkje oppfattar som trening.

I ei tid med kropps- og helsefiksering er det viktig å halde fast ved at idrett og fysisk aktivitet har ein eigenverdi. Undersøkingar viser at om lag halvparten av dei som startar med organisert trening, vil slutte i løpet av relativt kort tid. Ein viktig grunn til fråfallet er for høg intensitet.<sup>4</sup> Det viser seg at ønske om helseeffekt eller slankare kropp ikkje er nok for å vedlikehalde eller skapa varig endring – aktiviteten må gje noko meir. Verdiar som fokusert merksemd, at ein gløymer seg sjølv, sterke sanseopplevelingar, leiken og samspelet med andre som frigjer ein frå rutinane i kvardagen. Og for barn og unge handlar det kanskje mest av alt om å få styrka livsmotet gjennom meistring.

<sup>1</sup>Sælensminde, K. og Torkilseng, E. Vunne kvalitetsjusterte leveår (Qalys) ved fysisk aktivitet. Helsedirektoratet 2010.

<sup>2</sup> Bårdsen, Å. og Thornquist, E. Må vi trenere for å ha en god helse? Tidsskrift for Norsk Legeforening 2010.

<sup>3</sup> Ommundsen, Y. og Aadland, A. Fysisk inaktive voksne i Norge. Helsedirektoratet 2009.

<sup>4</sup> Fysisk aktivitet og helse. Anbefalinger. Rapport 2/2000. Sosial og helsedirektoratet, 2000.

### 3. Planprosessen

Eit tverrfagleg planforum, leia av kulturansvarleg for idrett, har hatt ansvar for kommunedelplanarbeidet. Forumet har bestått av: Svein Erik Lunde (leiar av idrettsrådet), Liv Vingdal (folkehelsekoordinator), Gunnar Kværne Amundsen (avdeling for næring og byggesak), og Marit Karlberg (kulturansvarleg for idrett). Utvalet har hatt eitt møte.

Frivillige lag og organisasjonar, skular, barnehagar, samarbeidsutval og grendelag har hatt høve til å uttale seg til planen og å kome med innspel til handlingsprogrammet. Brev vart sendt ut 19.april med svarfrist 7.juni. Kommunen mottok eit innspel innan fristen, men har seinare fått/innhenta 6 innspel til. 1. utkastet til planen vart behandla av formannskapet i møte 7.sept og sendt ut til høyring i perioden 7.sept -20.okt. Kommunen mottok 1 innspel og 1 søknad. Planen vart vedtatt i kommunestyret 21.des 2017.

Avgjerdstidspunkt	Milepæl	Kva skal vera gjort/gjerast	Ansvar	Vedtak
6.apr		Sak om oppstart av planarbeid	Kultur	Formannskapet
	19.apr	Brev og info ut til lag og organisasjonar og på kommunen sine nettsider	Kultur	
	22.apr	Kungjering i avis Valdres	Kultur	
	7.jun	Frist for innspel	Alle som vil høyrast i planprosessen	
	23.aug	Møte i tverrfagleg planforum	Kultur, Folkehelse, Plan/næring/bygg, Idrettsråd	
	31.aug	Administrasjonen ferdig med planen	Kultur	
7.sept		Vedtak om å legge planen ut på høyring		Formannskapet
	7.sept	Planen sendt ut på høyring	Kultur	
	1.okt	Søknadsfrist for idrettfunksjonell førehandsgodkjenning	Spelemiddelsøkjrarar	
	20.okt	Høyringsfrist	Høyringspartar	
	1.nov	Søknadsfrist for spelemidlar inn til kommunen.	Spelemiddelsøkjrarar	
	8.nov	Møte i tverrfagleg planforum	Kultur, Folkehelse, Plan/næring/bygg, Idrettsråd	
7.des		Innstilling i saka		Formannskapet
21.des		Endeleg vedtak i saka		Kommunestyret
	15.jan	Frist for oversending av spelemiddelsøknader til fylket.		

## 4. Statlege og fylkeskommunale føringer

### Statlege føringer

Følgjande lovar og rettleiingar gir føringer for kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet:

- Meld. St. 26 "Den norske idrettsmodellen". Kulturdepartementet 2012
- Meld. St. 34 (2012-2013) Folkehelsemeldingen.
- Stortingsmelding nr. 39 "Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet"
- Stortingsmelding nr. 38 "Frivillighet for alle"
- Lov om folkehelsearbeid
- KUD: Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet
- KUD: Føresegner om tilskot til løpetiltak i fjellet og overnatningshytter
- KUD: Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (plan og bygningsloven 6-1), skal kommunen legge til rette for fysisk aktivitet for heile befolkninga, mellom anna ved å sikre grøne område som er lett tilgjengelege og tilrettelagt for fritidsaktivitetar, idrett, leik og avkopling, og som er fri for forureining og støy. Friluftslivet sitt arealbehov skal ivaretakast.

KUD sine føreseigner blir oppdaterte kvart år, og inneholder detaljerte retningslinjer som må følgjast for å kunne søke om spelmiddel til eit anlegg. Den idrettsfunksjonelle førehandsgodkjenninga må vera på plass i søknaden, og ein må ikkje ha starta byggearbeidet i forkant.

### Fylkeskommunale føringer

Hovudmålsettinga i Oppland fylkeskommune sin "Strategiplan for idrett" er å styrke Oppland som idrettsregion, bidra til ein sterk og mangfaldig lokalidrett, samt jobbe for ein god og samordna utvikling av idrettsanlegg. I tillegg ynskjer fylkeskommunen i sterkare grad enn tidlegare å sjå på idrett som eit ledd i regional utvikling, og som eit verktøy for å jobbe mot fylkeskommunen sin visjon om "eit attraktivt og konkurransedyktig Oppland".

"*Handlingsprogram for store idrettsanlegg i Oppland*" er utarbeida for anlegg med godkjent spelmiddelsøknad på meir enn 2.500.000 kr.

"*Regional plan for folkehelse i Oppland*" utfordrar kommunane til å framskaffe oversikt over folkehelseutfordringane og setja i verk naudsynte tiltak for å møte desse utfordringane. Barn og unge er dratt fram som ei særskilt målgruppe, fordi grunnlaget for god helse leggast i barneåra.

## 5. Idrett og fysisk aktivitet i andre planer i kommunen

Denne planen er ein kommunedelplan og er underlagt Kommuneplanen, som er styrande for all kommunal verksemd. Økonomiplanen er på same måte styrande når det gjeld økonomi. I Øystre Slidre kommune sin **Kommunedelplan 2014-2026, samfunnssdelen** er idrett og fysisk aktivitet nemnd under fleire av satsingsområda:

### **3. Folkehelse, omsorg og sosiale tenester**

Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester.

Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen, slik intensjonane er i den nye Folkehelselova.

Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får muligkeit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

### **7. Idrett og kultur**

Øystre Slidre skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.

Øystre Slidre ynskjer å vere den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i heile kommunen.

Øystre Slidre skal støtte opp om eldsjelene og frivillig sektor og arbeide for eit breitt tilbod innan kultur, friluftsliv og idrett i heile kommunen.

Gjennom Samfunnssdelen skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nyttenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

Tema som vedkjem kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er i tillegg nemnd i overordna føringer, både når det gjeld folkehelse, krav til universell utforming og eit inkluderande samfunn. Folkehelse og kommunens Stig- og løypeplan har eigne kapittel i kommunepalen sin samfunnssdel. Om idrett og fysisk aktivitet står det følgjande:

Idretten betyr svært mykje for heile samfunnet i Øystre Slidre; både for innbuar, gjest og næringsliv. Øystre Slidre er internasjonalt kjend for store arrangement som Ridderrennet og World-Cup mm. Kommunen har vedteke eigen «Strategiplan for store idrettsarrangement på Beitostølen» (2012-2015).

Å vere «den beste idrettskommunen» er eit svært ambisiøst mål. Det trengs gjerast nokon val:

- Anlegg
- Organisasjon og leiing
- Kunnskap
- Arrangement
- Utøvarar innan alle idrettsgreinene
- Idrettsprestasjoner
- Økonomi

Forholdet topp og breiddedidrett må balanserast. Breiddedidrett i alle aldrar har stor betydning i folkehelsearbeidet. «Breie» idretts- og andre kulturarrangement gjev god utteljing for frivillige lag- og organisasjoner og næringslivet. Dei er avhengige av kvarandre.

Eigen kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er utarbeidd og vert revidert kvart 4.år. Ynskjelista om anlegg er stor, og det tek tid å nå fram i prioriteringa i kampen om spelemidlar.

Kommunen bør prioritere å målrette sine økonomiske midlar på området til fremjing av folkehelse og barn- og ungdom, gjennom rimeleg tilgang til kommunale anlegg, og ved tilskot til drift av lagseigde anlegg. Samla tilskot rekna for kvar innbyggjar kan vere ein parameter for å måle «best i kvalitet» på idrettsfronten.

I samfunnssdelen er det vidare sett som eit langsiktig tiltak at det skal utarbeidast ein samla folkehelseplan på bakgrunn av folkehelsekartlegginga i kommunen som skal inkludere stig- og løypeplan og kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet.

## Handlingsplan folkehelse/friskliv 2017-2019

### Sentrale målsetjingar:

- Få folkehelse på dagsorden og leggje til rette for eit allsidig aktivitetstilbod
- Utvikle eit samfunn som legg til rette for positive helseval og sunn livsstil
- Førebygge sjukdom og skader

### Tiltak:

- Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar
- Tverrfagleg helseforum
- Koordinere folkehelsearbeidet
- Allsidige trimaktivitetar for alle
- Utjamne helseforskjellar
- Styrke frisklivssentralen
- Treningskontakter.

## Frivilligsentralen, handlingsplan 2017

**Hovudmål:** Vera eit kraftsenter for folkehelsearbeid og frivillig verksemd i kommunen

### Visjon:

Aktiv for trivsel

### Delmål 1:

- Legge til rette for folkehelsearbeid

### Tiltak:

- Gjennom folkehelsekoordinatoren:
- Oppretthalde oversikt over eksisterande tilbod i kommunen.
  - Utvikle samarbeidet med frivillige lag, enkeltpersonar, kommuneadm. og helsepersonell om nye folkehelsetiltak for folk i alle aldrar.
  - Tilrettelegge og koordinere tilpassa turmål både sommar og vinter.
  - Markedsføre og koordinerer allsidige trimtilbod for ulike aldersgrupper.
  - Bidra til informasjon om universell utforming

**Stig- og løypeplanen** er under revisjon.

Her er nokre av tiltaka frå noverande plan som det arbeidast med framover:

**Hovudmål:** Friluftsliv skal vera viktig grunnlag for helse, trivsel og identitet

**B. Tiltaksområde stigar**

- B2 Opparbeiding av rute Ole-Ø Hedalsstølen-Melbysstølvegen-Røynesåsen
- B3 Rute N. Trøllåsen-Bitihorn
- B4 Ruter Valdresflya(inkl klopp S. Rjupa)
- B5 Toppturar (fjellstafetten)
- B6 Lokale tur og kartområde

**C. Tiltaksområde sykkelruter**

- C4 Hovudrute Beitostølen – Vinstervegen – Skreostølen
- C6 Etnlie – Røgnsfeten (Fullsennvegen)

**D. Tiltaksområde universell tilrettelegging**

- D2 Opparbeiding Garli B1- Grønåsvegen

**F. Tiltaksområde skiløyper**

- F2 Skibru Beitestølsvegen
- F5 Bru Kjølaåne- ny Danebuløype
- F7 Kryssing utløp Røyre – G31. Utgreiing.
- F9 Ny Danebuløype Selstølshøgda-Skatrudstølen.
- F11 Rydding- utbetring av skiløyper
- F14 Utgreie oppgradering av mateløype Øyangslie – grøn 31
- F15 Utgreie og evt etablere trasé for tidegløype/treningsløype på Valdresflya

## 6. Resultatvurdering av førre plan

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet i Øystre Slidre kommune 2014 – 2017 vart vedtatt i kommunestyret 19.12.2013.

Handlingsplanen i dokumentet vart sist rullert og vedtatt i kommunestyret 15.12.2016.

Planen har fungert som styringsdokument for sakshandsaming i høve til anleggsdelen, og som grunnlag for handsaminga av kulturtilstskot. Dei fleste av dei ordinære anlegga og nærmiljøanlegga frå

førre planperiode er realisert. Detaljert resultatvurdering for anleggsutbygginga er gjennomgått i vedlegg 2.

Målsetjinga var å satse spesielt på barn og unge, fysisk inaktive og funksjonshemma, og det er i planperioden sett i verk tiltak både innanfor anlegg og aktivitetar for desse målgruppene. Sjå elles detaljert vurdering av delmåla frå førre planperiode i vedlegg 3.

## 7. Utviklingstrekk i kommunen

Folketal, aldersfordeling, busetjingsmønster og aktivitet må ligge til grunn for kor mange, og kva for type idrettsanlegg kommunen skal ha. Kommunen har to store idrettslag, Rogne IL og Øystre Slidre IL som i aukande grad samarbeider om aktivitetar. Tanken er at anlegga skal tene heile kommunen og samle utøvarane i dei enkelte idrettsgreinene.

Samstundes tener også anlegga som møteplassar i grenadene.

Øystre Slidre har eit stort frivilligapparat som stiller opp med faste treningar i mange ulike idrettsgreiner, og kommunen har anlegg brukt til store nasjonale og internasjonale konkurransar. Stor aktivitet stiller krav til at anlegga står i samsvar med bruken.

Øystre Slidre idrettsarrangement arrangerer to faste konkurransar kvart år på nasjonalt /internasjonalt nivå samt eit tilleggsarrangement som rullerast litt innafor ulike idrettsgreiner.

Blant innbyggjarane i Øystre Slidre er det mange aktive, men også inaktive, omtrent som landet elles. Folkehelsebarometeret for Øystre Slidre kommune slår fast at talet på innbyggjarar over 80 år er

høgare enn landsnivået og at talet på personar med type 2-diabetes ser ut til å vere lågare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt. Talet på personar med plager og sjukdommar knytte til muskel- og skeleletsystemet ser ut til å vere høgare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt. Dette gjeld også antibiotikabruk.

## 8. Stoda for idrett og fysisk aktivitet i kommunen

Kulturdepartementet sin registrering av anlegg i kommunen er å finne på [idrettsanlegg.no](http://idrettsanlegg.no). Kommunen er pr. 16.08.2017 registrert med 113 små og store anlegg. 66 av desse er eigd av lag og organisasjoner, 21 av kommunen, 20 av private og halvoffentlege aktørar på Beitostølen og 6 eigd av DNT.

### Aktivitet i lag og organisasjoner

Nedanfor er det lista opp lag og organisasjoner som driv med idrett og fysisk aktivitet.

Organisasjon	Vaksne medl.	Barn /ungdom	Aktivitet
*Beito Skyttarlag	108	14	Skytetrenings, lagmeisterskap, dugleiksmerkeskyting, skytingens dag, trenings og eksamen for elgprøva
*Fram Ungdomslag	12		Paintball, akedag og turar
Jotunringen	15		Dans
LHL Valdres	148		Individuell trenings på fysioterapirommet
Melleheim Ungdomslag	22	11	Dans
*Rognes Idrettslag	185	115	Handball, fotball, ski, trim, styrketrenings, svømming, barneleik mm.
*Trudvang Skyttarlag	61	5	Skytetrenings, jaktfeltskyting, feltstemner, klubbkveldar, opplæring av rekrutter
Valdres Plankekøyrarlag	10	52	Arrangerer treningsar og konkurransar i snowboard kvar veke i vintersesongen.
Valdres cheerleading klubb, Wildcats			Cheerleading
Valdres flue og castingklubb			Fluefisking
Valdres modellbilklubb			
Vangsjøen Vel			Tilrettelegging av stigar og løyper
Volbu Grendalag			Tilrettelegging av stigar og løyper
Øystre Slidre 4H	6	25	Div. friluftslivaktivitetar, kanoturar, ballspel, ski/akedagar, svømming m.m
*Øystre Slidre Helselag	53	1	Gågrupper, lågterskelaktivitet
*Øystre Slidre Idrettslag	213	307	Karate, fotball, handball, turn, ski, volleyball, allidrett, alpint, gubbetrim og dametrim, ope styrketreningsrom.
*Øystre Slidre Jeger- og fiskeforening	216	63	Jegerprøvekurs, opplæringsjakt, opplæring i bruk av hund, jaktprøver med hund, skytetrenings inkl. opplæring, skytestevner, opplæringsfiske, fiskedagar for familie,

			skule og barnehage.
*Øystre Slidre Revmatikerf.	57		Aktiv trening i varmt vann
*Øystre Slidre Røde Kors Hj.k.	41	5	Førstehjelpsopplæring og kurs, beredskap heile året
Øystre Slidre Røde Kors Ung.		28	Temakveldar, overnattingstur i fjellet, sykkeltur
*Øystre Slidre Seniordans	25		Dans for 55 pluss
Øystre Slidre Skiskyttarlag	24	23	Trenin og renn
*Øystre Slidre Skyttarlag	97	35	Skytetrenin og ulike konkurransar
*Øystre Slidre-spel- og dansarlag	78	22	Dans

Laga som er merka med \* har oppdatert medlemsinformasjon.

### Organiserte, kommunale tilbod

- Dansegrupper i Øystre Slidre Kulturskule
- Offentleg bading på ØSUS
- Helsetrim på Moatunet måndagar
- Trim i gymsalen på ØSUS måndagar og tysdagar
- FYSAK i skulen
- Gruppetilbod på frisklivsentralen

### Kommersielle tilbod

- Beitostølen Helsesportsenter har offentleg bading to dagar i veka. I høgtider og ferier har dei ope fleire dagar.
- Radisson SAS – hotellet på Beitostølen har eige SPA-avdeling. Svømmehall og treningsstudio er ope for publikum heile året.
- Myhre gard i Skammestein har ridesenter og innandørs ridehall.
- Beitostølen Skiheiser AS har fleire slalåmbakkar på Beitostølen og i Raudalen.
- Grønolen fjellgard – fjellguiden
- Beito aktiv – klatring, juvvandring og rafting
- Tufteparken – hinderløype ved Radisson SAS
- Bike Beitostølen – fjellsykling

### Tilrettelegging for uorganisert aktivitet

I tillegg til det organiserte tilboden, har kommunen ei rekke velforeiningar/grendelag som legg til rette for fysisk aktivitet i nærmiljøet: Fram ungdomslag, Heggenes Vel, Høvshaugen Vel, Krøsshaugen Vel, Midtre Hegge og Dale grendelag, Moane Vel, Solhauglie vel, Stølslie vel, Vangsjøen vel og Volbu Grendelag.

Både Øystre Slidre fjellstyret og fleire grunneigarlag har lagt til rette for jakt og fiske, både med kortsal og med fysisk tilrettelegging for fiske. Fjellstyret har

også arbeidd aktivt med tilrettelegging for friluftsliv i statsalmenninna. Det kan nemnast tiltak som å sette opp gapahukar, ha opne buar, merke turstigar, bygge bruer, leggje til rette for fiske, lage badeplassar og rastepllassar. Valdres Natur- og Kulturpark har i samarbeid med kommunen arbeidt med eit skilt- og kloppeprosjekt som har lagt til rette for 25 turmål, der 5 er trillemål.

Om sommaren er det mogleg med bading og vatnaktivitetar på Furustrand, eit kommunalt nærmiljøanlegg med sandstrand, stupetårn, grasmatte og sandvolleyballbane, båtbryggje og kanobryggje.

Nærmiljøanlegga knytt til skular og barnehagar opnar for aktivitet året rundt, både i og utanfor skuletida.

Frisklivsrettleiaren stimulerer innbyggjarane til sunne levevanar gjennom trimtilbod og kosthaldsrettleiing.

Fjellstafetten er eit samarbeid med fjellstyret og idrettslaget der kommunen legg til rette med merking, skilting og konkurransar. 12 turmål kvar sommar med postkasse og registreringsbok. I 2014-2017 vart det registrert over 48.647(mangler tal frå 2017 endå)

Kommunen har utarbeidt ein stig- og løypeplan for å samordne løyper og aktørar. Det er laga grundige kart over løypene. Det svært gode skiløypetilboden i kommunen er også resultat av stor dugnadsinnsats frå mange friviljuge. Det er 4 løypelag som tek seg av hovudløypenettet og 4 lag som har ansvar for grendeløyper og lokale løyper i kommunen.

## 9. Analyse av behov for aktivitet og anlegg

### Behovsanalyse for aktivitetar og anlegg:

Dei ulike aktivitetane / anleggstypene er sett opp i alfabetisk rekkefølge.

#### Allidrett

Øystre Slidre Idrettslag og Rogne Idrettslag driv både med allidrettsaktivitetar for barn i skulealder. Desse aktivitetane blir tilrettelagt for funksjonshemma. Skulane har gode nærmiljøanlegg til ulike aktivitetar.

#### Alpint / snøbrett

Beitostølen Skiheiser AS har i dag fleire slalåmbakkar både på Beitostølen og i Raudalen. Dei siste åra har snøbrett blitt veldig populært, og reiselivet i samarbeid med Valdres Plankekøyrarlag, laga half pipe og ulike element for snøbrettkjøring.

#### Dans

Lag som Seniordansen, Jotunringen, Melleheim Ungdomslag og Øystre Slidre Spel og dansarlag driv jamnleg dansetrening og kurs for medlemer og andre. Dei held til i festsalen på Tingvang, Solhaug samfunnshus og Herangtunet. Øystre Slidre kulturskule har også satsa mykje på dans dei siste åra, med fokus både på moderne dans og laus/halling. Det er sett opp speil/dansevegg i festsalen på Tingvang.

#### Fotball

Kommunen byr på eit godt utval av fotballbanar. Det er stort aktivitetsnivå på grasbanen på Storefoss og på kunstgrasbanen i Rogne. Det er også grusbanar på Storefoss, Lidar og Rogne skule, ballbinge på ØSUS og Rogne.

Øsil bygger nytt klubbhus, og Ril rehabiliterar klubbhuset på Solhaug. ØSIL og RIL samarbeider om fotballtilbodet.

#### Friidrett

Rogne idrettslag har dei siste åra fått i gang friidrettsgruppa si, og Øystre Slidre Idrettslag har også ei friidrettsgruppe. BHSS rehabiliterte friidrettsbanen sin i 2013.

#### Friluftsliv

Kommunen har utarbeidd ein stig- og løypeplan. Det blir arbeidd aktivt med merking og tilrettelegging av

fjellturar i samband med fjellstafetten og med tilrettelegging for sykling i stølsområda. Fleire lag er aktive i forhold til friluftsliv. Frivilligsentralen tilbyr nærturar og fjellturar. Furstrand er eit kommunalt nærmiljøanlegg med sandstrand, stupetårn, grasmatte for allsidig leik og sandvolleyballbane. Båtbrygge og kanobrygge var tilrettelagt for funksjonshemma. Bryggja treng rehabilitering. Det er også bygd opp ein utstyrssentral i kraftlagsbygget med trugar, treningsutstyr, ski, telt, lavvo, gåstavar, skøyter, syklar, kano og kajakkar.

#### Handball

Øystre Slidre idrettslag og Rogne idrettslag har både handballlag. Trening og kampar går føre seg på Beitostølen Helsesportsenter, gymsalen på Rogne skule og i Valdreshallen.

#### Hopp

Hoppanlegget på Storefoss har fire bakkar med lys.

#### Langrenn / Skiløpenettet / Skiskyting

Det er to skiløypeanlegg med lys i kommunen; Storefoss (1,3 km.) og Beitostølen (10 km.). Øystre Slidre Idrettslag har worldcupløyper på Beitostølen. Løpenettet er utvikla, og klubbhus, tribuneanlegg og infrastruktur er utbetra for om lag 14 millionar kr. I tillegg er det investert i rulleski/rullestolløype ved stadion som kan nyttast både for rulleskibrukarar om sommaren og funksjonshemma.

På Storefoss finst det eit mindre treningsanlegg for skiskyting med seks skiver for yngre skiskyttarar. Rogne skule fekk eigen skicrossløype med lyspunkt i løpet av vinteren 13/14. Dei ynskjer å bygge ny lysløype i området Rogne skule/Solhauglia.

#### Riding

Det er utandørs ridebane på Beitostølen Helsesportsenter, Okshovd Gard og hos Grethe Hedalen Myhre. Sistnemnde har også bygd innandørs ridehall.

#### Roing / padling

Beitostølen Helsesportsenter har eit ro-/padleanlegg ved Bamselitjern. Furstrand Friområde har kano-, kajak- og båtutleige. Furstrand er eit kommunalt nærmiljøanlegg med sandstrand, stupetårn, grasmatte for allsidig leik og sandvolleyballbane.

Båtbryggje og kanobryggje tilrettelagt for funksjonshemma, men treng rehabilitering.

### Rullebrett

Øystre Slidre ungdomsskule har eit rullebrettanlegg av asfalt samt ei rampe. Det blir no bygd nytt skateanlegg i samband med nytt ungdomshus mellom riksvegen og ØSUS.

### Skyting

Kommunen har tre skyteanlegg; i Beito, på Trudvang og i Moane. I tillegg har jeger- og fiskeforeninga ein jegertrappbane og ein viltmålbane ved Dalsåne i Dale. Alle skyttarlag har delvis gått over til ny teknologi, dvs. elektroniske skiver, og Beito skyttarlag fekk ny innandørs skytebane i 2011 og Øystre Slidre skyttarlag i 2016.

### Skøyter

Det blir lagt til rette for skøytebanar på skulane som også har skøyter til utlån, og på Heggebø, men det er ikkje noko aktivt skøytemiljø i kommunen.

### Styrketreningsrom

Øystre Slidre planlegg styrkerom i det nye klubbhuset sitt og Rogne idrettslag skal rehabilitera sitt rom på Solhaug.

Frisklivssentralen har treningsrom i kjellaren på helsehuset.

### Svømming

Det er svømmehall med internasjonale mål på Beitostølen Helsesportsenter, i tillegg til eit mindre oppvarma basseng tilrettelagt for handikappa. Bassenga er ope for publikum to dagar i veka. Helsesportsenteret ønskjer å oppgradere sine basseng i løpet av den komande fireårsperioden. Svømmehallen på barne- og ungdomsskulen er også ope to kveldar i veka. Rogne idrettslag har det tekniske ansvaret for dette tilbodet. Det blir gjeve tilbod om barne- og babysvømming, men kommunen har inga svømmegruppe for barn over skulealder. Furstrand har gode mogelegheiter for utandørs svømming når veret tillet det. Stupetårnet er mykje nytta av barn og unge.

## 10. Handlingsdel

### 10.1 Mål og tiltak

#### Overordna mål

Øystre Slidre Kommune sitt overordna mål for planperioden 2018 – 2021 er:

### Fysisk aktivitet for alle

#### Hovudmålgrupper

##### I Barn og unge

Kommunen si viktigaste satsing er å leggje til rette for fysisk aktivitet for barn og unge. Grunnlaget for gode vanar og dei unges fridtsinteresser blir lagt i tidleg skulealder. Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet anbefalar barn i Noreg å vera i aktivitet, minst 60 minutt kvar dag. Målingar viser at jenter er mindre aktive enn gutter.

##### Strategi:

- Barn og unge blir prioritert ved tildeling av tilskot til frivillige lag og organisasjonar.
- Lag og organisasjonar skal stimulerast til å ha eit mangfold av aktivitetstilbod, der også dei uorganiserte blir teke vare på.
- Frivillige lag og organisasjonar betaler inga leige av kommunale gymsalar.
- Alle grunnskuleelevarane skal få dagleg fysisk aktivitet.

- Barna i barnehagen skal bli stimulerte til å drive med ulike former for fysisk aktivitet.
- SFO skal legge til rette for fysiske aktivitetar i samarbeid med idrettslag.
- Lag og foreiningar skal vere bevisste m.o.t. å bruke ungdom som ein ressurs og gje dei høve til å få praksis som hjelpeinstruktør eller trenar. Laga bør også velje ungdom inn i styret.
- Kommunen skal arbeide for vidareføring av gang- og sykkelveg langs heile RV 51.
- Halde fram med å byggje og vedlikehalde dei gode nærmiljøanlegga ved skulane.

## II Fysisk inaktive

Undersøkingar viser at om lag halvparten av dei som startar med organisert trening, vil slutte i løpet av relativt kort tid. Ein viktig grunn til fråfallet er for høg intensitet. Lågterskeltilbod ser ut til å fungere best. Dei er kjenneteikna av at dei er tilpassa og vald av den enkelte, og at aktiviteten drivast i nærmiljøet saman med andre. Tilhøyrigheit og fellesskap aukar glede og motivasjonen, og er, saman med tett oppfølging og støtte, sentrale faktorar for å redusere fråfall.

Strategi:

- Oppretthalde folkehelsekoordinator/ frisklivsrettleiar.
- Oppretthalde tilbod om fysisk aktivitet for vaksne gjennom frivilligentralen.

## Mål og delmål for planperioden

Mål	Delmål
Legge til rette for eit godt samarbeid med reiselivet, frivillige lag og organisasjonar, grendelag og vel om utbygging og drift av anlegg og gjennomføring av tiltak.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samarbeide med løypeлага og reiselivet i kommunen om skiløpenettet og gje økonomiske tilskot</li> <li>- Samarbeide med idretten og reiselivet om utviklinga av Beitostølen skistadion</li> <li>- Samarbeide med fjellstyret, reiselivet og idrettslag om Fjellstafetten og liknande tiltak</li> <li>- Gje tilskot til lag og organisasjonar som gjer ein innsats for fellesskapet</li> <li>- Hjelpe til med marknadsføring av tiltak og treningsstilbod m.a. på kommunen sin heimeside</li> </ul>
Sikre areal til idrett og fysisk aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ta vare på friluftsinteressene gjennom arealforvaltinga</li> <li>- Sette av friareal / nærmiljøområde i alle nye bustad- og hytteområde</li> </ul>
Utvikle gode oppvekstmiljø for barn og unge	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gje tilskott til vel og grendelag som ynskjer å byggje nye eller utvide eksisterande nærmiljøanlegg</li> <li>- Samordne skulen, barnehagen, grendelaga, idretten og friluftslivet sine behov</li> </ul>

- Turopplægga rundt Fjellstafetten skal førast vidare.
- Lag og organisasjonar blir stimulert til å opprette grupper med lågterskelaktivitet og kan søkje om støtte til dette.

## III Funksjonshemma

Arbeidet med å legge til rette for at anlegg og aktivitetar skal kunne nyttast av alle, også dei funksjonshemma, er ein kontinuerleg prosess.

Strategi:

- Alle kommunale bygg skal ha universell utforming og aktivitetstilboda skal tilpassast alle brukargrupper.
- Det blir stilt krav om at alle anlegg som mottek spelemiddel må vere tilpassa dei som er bevegelseshemma.
- Aktivitetstilbod for funksjonshemma blir prioritert ved tildeling av tilskot.

## Prioriterte aktivitetar

Kommunen si viktigaste oppgåve er å gje innbyggjarane høve til å drive fysisk aktivitet ut i frå eigne føresetnader. Lågterskeltilbod og aktivitetstilbod som vender seg mot den inaktive delen av befolkninga, skal prioriterast. Samstundes er det viktig at kommunen kan tilby barn og unge og funksjonshemma eit variert og godt aktivitetstilbod med vekt på breiddeidrett og mangfold.

Stimulere alle deler av befolkninga til friluftsliv og fysisk aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stimulere til aktiv bruk av naturen, m.a. gjennom tilskott til rydding og merking av turstigar</li> <li>- Stimulere heile befolkninga til å gå på tur, m.a. gjennom tilrettelegging for Fjellstafetten.</li> <li>- Gje tilskott til lag og organisasjonar som set i gang lågterskeltildel</li> <li>- Marknadsføre tiltak og arrangement gjennom sosiale media og kommunen sin heimeside</li> <li>- Elevane skal ha dagleg fysisk aktivitet i skuletida</li> <li>- Legane skal bruke Frisklivsresepten aktivt og samarbeide med frisklivsrettleiaren om å motivere pasientane til livsstilsendringar</li> </ul>
Legge til rette for at funksjonshemma skal kunne nytte eksisterande og planlagde anlegg	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ta omsyn til funksjonshemma ved rehabilitering og bygging av nye anlegg</li> </ul>

## Årlege tiltak

Tiltak	År	Kostnad per år	Kommentar
Folkehelse, fjellstafett og friskliv	2018-2021	Kr. 788.000	
Kulturtilstokt og driftstilstokt til lag og organisasjonar som driv med idrett og fysisk aktivitet	2018-2021	Kr. 447.000	
Kommunale tilskot til anlegg som søker spelemiddel	2018-2021	Kr. 316.000	Søknadsfrist 1.nov
Leige av grunn til skiløypene og stadion på Beitostølen	2018-2021	kr 285.000 i løypeleige, kr. 170.000 i grunnleie av stadion	
Tilstokt til løypekjøring av skiløpenettet	2018-2021	250.000	
Tilstokt til arrangementskoordinator	2018-2021	175.000	Arrangementskoordinatoren er tilsett i Øystre Slidre Idrettsarrangement og har ansvar for gjennomføring av dei store meisterskapa på Beitostølen

## 10.2 Nye anlegg

### Prioriterte anlegg

#### I Anlegg for barn og unge

Kommunen vil prioritere nærmiljøanlegg og ordinære anlegg som legg til rette for varierte aktivitetar sommar og vinter for målgruppa barn og ungdom. Anlegga skal også fungere som sosiale møteplassar.

#### II Anlegg tilrettelagt for uorganisert aktivitet

Det er viktig med anlegg som fangar opp dei som ikkje er tiltrekt av dei tradisjonelle idrettane. Rydding og merking av turstigar og skiløyper vil også vere ei prioritert oppgåve for å nå desse gruppene.

#### III Anlegg for internasjonale renn

Kommunen vil støtte opp om arbeidet med å legge til rette for at Beitostølen ski- og skiskyttarstadion kan arrangere store meisterskap også i åra framover.

#### Ordinære anlegg:

Eigar/utbyggar	Anlegg	Stad	Total kostnad
Rogne Idrettslag	Rehabilitering av klubbhuset til RIL	Rogne	589.000
Øystre Slidre kommune	Trillestig Garli-Skiheistoppen	Beitostølen	1,1 mill
Beitostølen Helse sportsenter	BHSS svømmeanlegg, rehabilitering	Beitostølen	7,2 mill
Øystre Slidre kommune	Furustrand bryggjeanlegg, baderampe for utkøyring av rullestol	Heggenes	600.000
Rogne idrettslag	Lysløype	Rogne	2,2 mill
Rogne idrettslag	Rehabilitering av styrkerom	Rogne	450.000

#### Nærmiljøanlegg:

Eigar/utbyggar	Anlegg	Stad	Total kostnad
ØSIL	Orienteringskart Beitostølen vest	Beitostølen	80.000
Øystre Slidre kommune	Aktivitetsanlegg på Furustrand	Heggenes	300.000

### 10.3 Drift og vedlikehald

Det er anleggseigar / utbyggjar som er ansvarleg for drift og vedlikehald av anlegga.

For å kunne søkje, må ein oppfylle kriteriene i "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet" frå KUD. Kommunen hjelper til med søkeradsarbeidet.

### 10.4 Finansiering

#### Kommunal finansiering:

I økonomiplanen blir det sett av kr. 316.000 per år til fordeling på anlegg som søker spelemiddel.

Kategoriane er ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

#### Statleg finansiering:

Kommunar, lag og organisasjonar kan søkje spelemiddel hjå Kulturdepartementet. Søknaden skal gå i gjennom kommunen og fylket, og vera med i rulleringa av kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet.

For førstnemnde kategori er hovudregelen at ein kan søkje om inntil 1/3 av godkjend kostnad til bygging/ og eller rehabilitering. Nedre grense for godkjend kostnad er kr. 150.000. Maksimalt tilskot er basert på dei satsane som gjeld det året søkeraden blir løyvd tilskot. For somme anleggstypar er det fastsett særskilte maksimale tilskot.

For nærmiljøanlegg kan ein søkje om inntil 50 % av godkjend kostnad. Maksimalt tilskot er kr. 300.000. Nedre godkjende totalkostnad er kr. 50.000.

## 11. Vedlegg

### Vedlegg 1 Omgrep og definisjonar

#### Fysisk aktivitet

Med fysisk aktivitet forstår ein eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar og aktivitetar prega av leik

#### Idrettsanlegg

I fordeling av spelemiddel nyttar Departementet to ulike klassifiseringar av idrettsanlegg:

Nærmiljøanlegg  
Ordinære anlegg

#### Idrett

Med idrett forstår ein aktivitet i form av trening, eller konkurranse i den organiserte idretten.

**Nærmiljøanlegg** er anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, i tilknyting til bu- og/eller opphaldsområde. Anlegga eller områda skal vera fritt allment tilgjengeleg, primært for barn og ungdom, men også øvrig lokalbefolkning.

**Ordinære anlegg** er anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet samt eigenorganisert fysisk aktivitet.

#### Lågterskelaktivitet

Tilrettelagt aktivitet for personar som i utgangspunktet er inaktive, ved at ulike barrierar er

forsøkt bygd ned. Aktivitetane krev lite utstyr, og ingen spesielle ferdigheter. Dei kan vere gratis eller ha låg pris, og vere let tilgjengelege både fysisk, sosialt og kulturelt.

#### Universell utforming

"Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene slik at virksomhetens alminnelige funksjon kan benyttes av flest mulig" (NOU 2005:8)

### Vedlegg 2: Detaljert resultatvurdering av anleggsutbygginga 2014 - 2017

Det er fullført 4 av i alt 11 planlagde prosjekt i perioden. 2 prosjekt har fått tilslagn om spelemiddel og skal realiserast i løpet av 2017/2018. 2 prosjekt har høve til å fornye sine søknader til fylket i 2018. Det har blitt utbetalt kr. 3.070.000,- i spelemiddel og utbetalt/avsett kr. 1.616.000,- i kommunale tilskot.

#### Ordinære anlegg

Anlegg	Eigar	Status	Kommunal støtte 2014-2017	Spelemiddel 2014-2017
Rogne idrettsarena	RIL	Fullført	453.000 (+ 600.000 i førre periode)	2.500.000
Innandørs skytebane	Øystre Slidre skyttarlag	Fullført	316.000	400.000
Furustrand bryggjeanlegg, baderampe for utkøyring av rullestol	Øystre Slidre kommune	Utsett		
BHSS svømmeanlegg, rehabilitering	BHSS	Utsett		
Klubbhus på Storefoss	ØSIL	Planlagt. Søknad godkjent av fylket. Tilsagn.	316.000 (+ 400.000 i førre periode)	2.064.000 (Ikke utbetalt, men forskuttert av kommunen)
Rehabilitering av klubbhuset på Solhaug	RIL	Planlagt. Søknad godkjent av fylket, men ikke tilsagn.		
Trillestig Garli-Grønåsvegen	Øystre Slidre kommune	Planlagt, men søknad ikke sendt.		

#### Nærmiljøanlegg:

Anlegg	Eigar	Status	Kommunal støtte 2014-2017	Spelemiddel 2014-2017
Bru over Yddeåni	Øystre Slidre kommune	Fullført	175.000	170.000
Øystre Slidre skatepark	Øystre Slidre kommune	Planlagt. Søknad godkjent av fylket. Tilsagn.	356.000	300.000 (ikke utbetalt)
BMX-bane ØSUS	Øystre Slidre kommune	Ikkje realisert		
Orienteringkart Beitostølen Nordøst	ØSIL	Fullført. Søknad godkjent av fylket, men ikke tilsagn.		

### Vedlegg 3: Detaljert resultatvurdering av delmåla 2014-2017

#### Mål og delmål for planperioden

Mål	Delmål	Evaluering
Leggje til rette for eit godt samarbeid med reiselivet, frivillige lag og organisasjonar, grendelag og vel om utbygging og drift av anlegg og gjennomføring av tiltak.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samarbeide med løypelaga og reiselivet i kommunen om skiløpenettet og gje økonomiske tilskott</li> <li>- Samarbeide med idretten og reiselivet om utviklinga av Beitostølen skistadion</li> <li>- Samarbeide med fjellstyret, reiselivet og idrettslag om Fjellstafetten og liknande tiltak</li> <li>- Gje tilskott til lag og organisasjonar som gjer ein innsats for fellesskapet</li> <li>- Hjelpe til med marknadsføring av tiltak og treningsstilbod m.a. på kommunen sin heimeside</li> </ul>	Delmåla er gjennomført i perioden og bør halde fram.
Sikre areal til idrett og fysisk aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ta vare på friluftsinteressene gjennom arealforvaltninga</li> <li>- Sette av friareal / nærmiljøområde i alle nye bustad- og hytteområde</li> </ul>	Målet blir tatt omsyn til i arealforvaltninga og bør halde fram.
Utvikle gode oppvekstmiljø for barn og unge	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gje tilskott til vel og grendelag som ynskjer å byggje nye eller utvide eksisterande nærmiljøanlegg</li> <li>- Samordne skulen, barnehagen, grendelaga, idretten og friluftslivet sine behov</li> </ul>	<p>Målet har prioritert i kommunen. Delmål 1 kan vera vanskeleg å nå gjennom spelemiddelordninga, fordi bla reine leikeparkanlegg fell utanom støtteordninga.</p> <p>God dialog mellom partane i samband med revidering og rullering av kommunedelplanen, og også kommunen sin oversiktlege storlek gjer delmål 2 mogleg å nå. Målet bør halde fram.</p>
Stimulere alle deler av befolkninga til friluftsliv og fysisk aktivitet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stimulere til aktiv bruk av naturen, m.a. gjennom tilskott til rydding og merking av turstigar</li> <li>- Stimulere heile befolkninga til å gå på tur, m.a. gjennom tilrettelegging for Fjellstafetten.</li> <li>- Gje tilskott til lag og organisasjonar som set i gang lågterskeltilbod</li> <li>- Marknadsføre tiltak og arrangement gjennom sosiale media og kommunen sin heimeside</li> <li>- Elevane skal ha dagleg fysisk aktivitet i skuletida</li> <li>- Legane skal bruke Frisklivsresepten aktivt og samarbeide med frisklivsretteliaren om å motivere pasientane til livsstilsendringar</li> </ul>	<p>Målet blir arbeidd godt med, gjennom tiltaka skildra i delmåla og nye tiltak som feks skilt- og kloppeprosjektet i Valdres som har tilrettelagt for 25 turmål i kommunen med nye skilt og infotavler og klopper. Satsinga på orienteringskart har også gitt nye tilbod som Stolpejakt på Beitostølen og Heggenes. Målet bør halde fram.</p>
Leggje til rette for at funksjonshemma skal kunne nytte eksisterande og planlagde anlegg	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ta omsyn til funksjonshemma ved rehabilitering og bygging av nye anlegg</li> </ul>	<p>Målet blir arbeidt med, men det er ein tendens til at økonomiske omsyn ved til dømes nybygg fører til at løysingane ikkje er optimale. Eksempel på dette er dørstokkar i dei nye skulebygga. Målet må halde fram.</p>